



Fotballskulen i Rosendal var ein suksess også i fjor. Innslaget også av uskedelinger var stort. Her er alle deltakarane samla ved slutten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er ikkje lenge til skuleferien og dermed er det heller ikkje lenge før ein ny TINE Fotballskule skal avviklast på Rosendal Stadion. Påmelding skal skje før 10. juni.**

I år blir skulen avvikla i dagane 25., 26. og 27. juni og den er både for Rosendal og Uskedalen, opplyser leiar Michael Røssland i idrettslaget til uskedalen.no  
Skulen er for både gutter og jenter fødde i 1995 til og med 1999. Den startar klokka ni og varar til klokka 14 kvar dag.

Påmeldinga blir registrert ved betaling og dei første 90 som melder seg får vera med. Prisen er 500 kroner, som omfattar tre dagar fotballskule, mat og TINE pakke. Kvar deltakar vil også få ein fotball. Fleire opplysningar finn ein på <http://www.rosendal-turnlag.net/>